

Bolstadøyri Ungdomslag v/Astrid Rongen  
Rongavegen 140  
5723 Bolstadøyri

Deres ref.

Vår ref.

13/570-18

Dato

04.07.2013

**Statsbudsjettet 2013 - Kap. 552, post 72 - Tilsegn om tilskot på inntil 150 000 kroner til - Hus treng folk - Folk treng hus - Bulyst 2013**

Tilsegnnummer: 13242024.

Vi viser til:

- Utlysing av bulystmidlar på [www.regjeringa.no/bolyst](http://www.regjeringa.no/bolyst)
- Søknad frå Bolstadøyri Ungdomslag

Kommunal- og regionaldepartementet (KRD) gir med dette tilskot på inntil 150 000 kroner til prosjektet "Hus treng folk – folk treng hus" i Voss kommune i regi av Bolstadøyri Ungdomslag i 2013. Dette er ei eingongsløying for heile prosjektperioden. 2013 er det siste året i bulystsatsinga. Prosjektet kan ikkje rekne med ytterlegare medfinansiering frå KRD.

**Målet med bulystsatsinga**

Målet med satsinga på bulyst er å vidareutvikle kunnskap om korleis lokale og regionale utviklingsprosjekt skapar bulyst og attraktive stader. Utvikling av attraktive regionar og sentra for folk og næringsliv er viktig for å nå distrikts- og regionalpolitiske mål. Dei 49 prosjekta som er valde har ulik innretting, ulike tema og stor geografisk spreiing. Dette viser breidda og variasjonen knytt til omgrepene bulyst. Vi er opptekne av at bulystsatsinga skapar lærings, merksemd og engasjement rundt lokalt og regionalt utviklingsarbeid.

Departementet vil oppfordre fylkeskommunane til å ta ein rådgjevar- og støttespelarfunksjon for dei utviklingsprosjekta som no får støtte gjennom

bulystsatsinga. Vi ser fylkeskommunane som ein heilt sentral nettverksbyggar og regional tilretteleggjar for lokale prosjekt. Med utgangspunkt i fylkeskommunane si rolle som regionale utviklingsaktørar er det naturleg at dei tek støttespelarrolla for prosjekta. Vi ynskjer at fylkeskommunane inkluderer dei som har lokalt prosjektansvar for bulystprosjekta i sitt arbeid med lokal- og regional utvikling.

Kompetansesenteret for distriktsutvikling (Distriktscenteret) har ei sentral rolle i arbeidet med bulyst, både når det gjeld kunnskapsbygging og formidling.

Prosjektansvarlege bør også bruke [www.distriktscenteret.no](http://www.distriktscenteret.no). Det er ein viktig portal for å finne erfearings- og forskingsbasert kunnskap frå andre satsingar og prosjekt.

Vedlagt finn de ein rettleiar frå Norsk senter for bygdeforskning om lokal samfunnsutvikling. Rettleiaaren kan lastast ned via følgjande lenke, <http://www.regjeringen.no/upload/KRD/LUK/Fagstoff/Veilederilokalsamfunnsutvikling.pdf>. Vi har også lagt ved eit hefte frå Distriktscenteret som oppsummerer kunnskapen Distriktscenteret har om gode grep i lokalt utviklingsarbeid.

Erfaringsoverføring og læring er ein viktig del av bulystsatsinga. Representantar for prosjektet må difor vere villige til å delta i evalueringar og på eventuelle nettverkssamlingar for å presentere prosjektet og dele kunnskap. Kunnskapsdeling kan skje både mellom dei ulike pilotane, og frå pilotane til KRD og Distriktscenteret. Vi ynskjer at prosjekta skal vere synlege, både lokalt, regionalt og nasjonalt.

### **Mål for prosjektet**

Målsettinga er å auke befolkningstilveksten i bygda, med hovudfokus på barnefamiliar, få utflytta ungdomar tilbake og ta imot innvandrarar frå Nederland og andre som har lyst å busette seg i bygda.

For å få til dette skal ein jobbe med marknadsføring og omdømebygging av bygda. Det er eit sterkt ynskje i bygda om å snu den negative folketalsutviklinga og få bygda til å vekse att. Bygda må arbeid med marknadsføring og omdømebygging. Prosjektet består av følgjande tre delprosjekt:

#### A) Inkludering av innvandrarar frå Nederland til Bolstad ( Placement)

Bygda treng ekstra ressursar for å kunna ta imot dei nye innflyttarane på ein god måte. Det er ynskjeleg med inspirasjonskveldar for å læra av andre som har lukkast gjennom foredrag og studieturar. Det er også ynskjeleg å få på plass innandørs og utandørs gode uformelle møteplassar (kafe, grillplass ved strandsona, villmarksleir og fjellturar). Det er også eit mål å leggje til rette for etablering av nye arbeidsplassar spesielt med tanke på nederlendarane.

#### B) Utviklingsprosjekt retta mot ungdom

Det finst eit basistilbod for barn og unge i bygda, men ein konkurrerer med større tilbod på Voss og Dale. Det er eit mål å få til eit større og meir variert tilbod lokalt,

spesielt når bygda får fleire barn og ungdomar. Ei anna målgruppe det er ynskjeleg å få tilbake er utflytta ungdomar under utdanning eller i etableringsfasen.

c) Tilflyttingsprosjekt - Oppfølging avtale med Placementprosjektet

Målet er å gjennomføre avtalt eigeninnsats i prosjektet til Placement, som det ikkje er løyvd midlar til av kommunen. Dette gjeld reiseutgifter i samband med messer, arrangement i Nederland, informasjonsarbeid ovanfor bygdefolket. Det viktigaste er kanskje marknadsføringsmateriell til messe og interesserte tilflyttarar og heimeside.

**Kostnadsoverslag**

Prosjektet har eit totalbudsjett på 300 000 kroner. KRD gjev tilsegn om inntil 150 000 kroner over kap. 552, post 72 i 2013.

Følgjande budsjett ligg til grunn for tilskotet:

**Kostnadsplan**

Tittel	2013	SUM
Inkludering av innvandrarar frå Nederland	120 000	120 000
Sluttrapportering	10 000	10 000
Tilflyttingsprosjekt. oppfølging av Placement	120 000	120 000
Utviklingsprosjekt retta mot ungdom	50 000	50 000
<b>Sum kostnad</b>	<b>300 000</b>	<b>300 000</b>

Vi gjer merksam på at midlar over kap 552.72 ikkje kan nyttast til investeringar i bygningar eller anna fysisk infrastruktur. Tilskotet skal som hovudregel ikkje nyttast til investeringar i utstyr. Unntaket er mindre investeringar som er avgjerande for gjennomføringa av aktiviteten. Tilskot til utstyr skal normalt ikkje overstige 10 pst. av prosjektkostnadane. Sjå retningsliner for posten på [www.regjeringen.no/krd/retningslinjer](http://www.regjeringen.no/krd/retningslinjer).

**Vilkår for utbetaling av midlar:**

1. Bolstadøyri Ungdomslag må innan 15. september 2013 stadfeste overfor departementet at det er aktuelt å gjennomføre prosjektet, og at tilskottet vert motteke på vilkåra i dette brevet. Prosjektarbeidet må ikkje settast i gang før den samla finansieringa er på plass. Tilbakemeldinga til departementet må òg innehalde opplysningar om kva kontonummer pengane skal overførast til.
2. Prosjektet kan gjere mindre omprioriteringar og justeringar dersom dette er gunstig for å nå måla i prosjektet. Større endringar, som medfører endringar i prosjektet sitt totale budsjett, må godkjennast av departementet.

3. Det skal først spesifisert rekneskap for arbeidet. Rekneskapen skal settast opp slik at utgiftene kan samanliknast med kostnadsoverslaget som ligg til grunn for tilskottet. Dersom arbeidet ikkje blir utført i omfanget de har skildra i søknaden, eller til dei kostnader de har gitt opp i søknaden, vil departementet redusere tilskotet tilsvarende. Tilskotsmidlar som departementet har utbetalt kan òg bli kravd tilbakebetalt, heilt eller delvis. Rekneskapsmaterialet skal oppbevarast i 10 år.
4. Riksrevisjonen, Kommunal- og regionaldepartementet eller dei departementet gir mynde, kan krevje informasjon frå tilskottsmottakar og sette i verk kontroll med at midlane vert nytta etter føresetnadene. Dette er i samsvar med Løyvingsreglementets § 10 og Lov om Riksrevisjonen § 12. Tilskottsmottakarar har plikt til å gje opp dei opplysningane som Riksrevisjonen, departementet eller andre som departementet har delegert kontrollmynde til, forlangar.

### Rapportering og kontroll

Læring og erfaringsoverføring er eit sentralt mål for bulystsatsinga. Difor ber vi dykk legge vekt på god rapportering av prosjektarbeidet, både undervegs og med ein eigen sluttrapport.

Alle prosjekt som får støtte skal sende inn ein årleg rapport til departementet. Denne skal innehalde omtale av aktivitetar og tiltak, og gjere greie for eventuelle justeringar av prosjektplanen, både når det gjeld framdrift og aktivitetar. Sjå vedlagde rapporteringsskjema.

Vi ber om at den første, årlege rapporten vert sendt til departementet seinast 24. april 2014. De finn eit eige rapporteringsskjema som skal nyttast til rapporteringa på [www.regjeringen.no/bolyst](http://www.regjeringen.no/bolyst). Papirkopi av skjemaet er òg lagt ved dette brevet.

### Utbetalingsoppmoding

For å få midlar må prosjekteigar be KRD om å gjere ei utbetalingsoppmoding (utbetalingsoppmoding).

Utbetalingsoppmodinga blir som hovudregel gjort i tre omgangar.

1. Departementet *kan* utbetale inntil 25 pst. av tilskottet når prosjekteigar har akseptert vilkåra i dette brevet, og arbeidet har starta opp (førehandsutbetalning).
2. Når departementet har motteke dokumentasjon av faktiske utgifter, vert inntil 50 pst. av det samla tilskottet utbetalt (etterskotsutbetalning). Dokumentasjon av utgifter bør følgje den årlege rapporteringa.
3. Den siste delen av tilskotet skal utbetalast når prosjektaktiviteten er fullført, og sluttrapport og eventuell revisorstadfest rekkneskap (sjå punkt 5) er sendt inn (etterskotsutbetalning).
4. Alle prosjekt skal levere sluttrapport og prosjektrekkneskap.
5. I tillegg skal revisorstadfestande rekkneskap leverast av:
  - a) Private tilskottsmottakarar som tek imot meir enn 100 000 kroner, jf. RS 800

- Revisors uttale ved revisjonsoppdrag med spesielle føremål.
- b) Offentlege tilskottsmottakarar som tek imot meir enn 400 000 kroner, jf. RS 800 Revisor sine uttaler ved revisjonsoppdrag med spesielle føremål.
6. Tilskotet er gyldig i tilsagnsåret, og dei to påfylgjande åra. Prosjektet må vere avslutta slik at siste utbetaling frå departementet kan gjerast seinast innan utgangen av 2015. Utbetalingsoppmoding må sendast til departementet innan 1. desember 2015.
  7. Prosjekteigar har ansvar på vegne av prosjektdeltakarane. Dette gjeld òg det finansielle ansvaret.

Ved kontakt med departementet om utbetaling må tilsegnnummeret som står øvst i dette brevet nyttast. Ved utbetaling av midlar er dette nummeret gitt på utbetalingsblanketten.

**Kommunal- og regionaldepartementet ber om at følgjande opplysningar blir sende til [postmottak@krd.dep.no](mailto:postmottak@krd.dep.no):**

- Stadfesting på at prosjektet vert gjennomført og på at medfinansiering er på plass
- Behov for eventuell førehandsutbetaling
- Kontonummer og oppmodingar om utbetalingar (sjå under "Utbetaling").
- Ved store endringar i prosjektet: Ny framdriftsplan
- Årleg rapport (innan 24. april kvart år)
- Ved prosjektslutt: Sluttrapport og rekneskap i tråd med retningslinene over.

Kommunal- og regionaldepartementet ynskjer dykk lykke til med prosjektet.

Med helsing

Gerd Slinning e.f.  
avdelingsdirektør

Knut Ove Nordås  
seniorrådgjevar

Vedlegg:

Rettleiar i lokal samfunnsutvikling  
Lokalt utviklingsarbeid  
[Rapporteringsskjema for bulyst \(word\)](#)

Kopi:

Voss kommune	Postboks 145	5701	VOSS
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Riksrevisjonen	Postboks 8130 Dep	0032	OSLO
Distriktsenteret -	Ogndalsveien 2	7713	STEINKJER
Kompetansesenter for distriktsutvikling			
PA i KRD v/Kirsten Olsen			